

Rapport 2022



## Samlingssentrum i Vestland

Frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning

Rapporten er produsert av Bevaringstenestene.  
Opplag 100. Den vil også bli publisert på  
<https://muho.no/om/viktige-dokument>

*Bevaringstenestene*  
*Museumssenteret i Hordaland*  
*Salhusvegen 201*  
*5107 SALHUS*

*Org.nr 971 349 743*  
*bevaringstenestene@muho.no*

# Innhald

	<b>Forord</b>	<b>4</b>
<b>1.</b>	<b>Bakgrunn for arbeidet</b>	<b>6</b>
<b>2</b>	<b>Den danske modellen og nye magasin i andre land</b>	<b>7</b>
<b>3</b>	<b>Magasinbehova ved musea</b>	<b>12</b>
	<b>Nettundersøking</b>	<b>13</b>
	<b>Synfaringar på museumsmagasina og metode</b>	<b>13</b>
	<b>Endringar i arealbehov 2015-2022</b>	<b>15</b>
	<b>Oppsummering av arealbehov i 2022</b>	<b>17</b>
<b>4.</b>	<b>Andre magasin i Vestland fylke</b>	<b>19</b>
<b>5.</b>	<b>Workshop med musea</b>	<b>20</b>
<b>6.</b>	<b>Oppsummering og forslag til vidare arbeid</b>	<b>21</b>

# Forord

Musea er ikkje lenger stader for endelaus innsamling av kulturhistoriske gjenstandar. Dei har i staden blitt møteplassar for diskusjon, inkludering og endring. I takt med at institusjonane veks og reflekterer endringane i lokalsamfunna dei er ein del av, treng dei smartare måtar å bevare samlingane på, fremme tilgang til dei og planlegge for framtida.

Museum er komplekse organisasjonar som omfattar arbeid med vedlikehald, bevaring og tilgjenge til kulturarven. Om lag 95 % av den fysiske kulturarven, altså museumssamlingane, er plassert i magasin. ICCROM og UNESCO har gjennomført ei undersøking om dette.<sup>1</sup>

Dessverre er det slik at lokala dei står i ofte er ueigna til å oppbevare gjenstandar i, og dette gjer at samlingane blir lite tilgjengelege. I staden for å skape eit godt organisert miljø som fremmar forskning og utlån har magasinane blitt til overfylte rom med gløynte skattar. Desse romma er ikkje eigna korkje for gjenstandar eller menneske, og reflekterer eit globalt problem som også viser seg i dei daglege utfordringane for musea i Vestland.

Eit museumsmagasin skal ikkje lenger vere ein stad der gjenstandar er låst inne i rom som berre få personar får lov til å besøkje. Det vi ønskjer er soner der menneske møter samlingar, for forskning, til utdanning eller berre til glede. Men spørsmålet er: korleis oppnår vi dette? Svaret er nokså enkelt. Vi må skape gjennomtenkte løysingar for samlingsforvaltning i lokale med minimale risikofaktorar. Samstundes må desse lokala vere fleksible og legge til rette for berekraftig bruk av samlingane.

Eit nytt bygg er eit unikt høve til å skape ein stad i tråd med faglege standardar og gjeldande prinsipp innan berekraftig samlingsforvaltning, og vil vere ei løysing for å overvinne gapet mellom dagens situasjon og dei behova musea rapporterer om. Bygget vil vere ei lekamleggjering av ønsket om betre samordning av museumssamlingane i Vestland, og eit avgjerande steg vidare mot betre forvaltning av dei.

---

<sup>1</sup> <https://www.iccrom.org/programmes/re-org>



## Kvifor samlingsentrum og ikkje berre fellesmagasin?

Sjølv om begge typar fasilitetar er basert på same prinsipp om lågenergi-bygg, er enkle å bygge og berekraftige å drifte, er det ein viktig skilnad. Denne skilnaden handlar om **tilrettelegging for samhandling**, både mellom dei ulike musea, og mellom musea og brukarane deira. Eit fellesmagasin handlar om å bevare samlingane på ein god måte, men legg i mindre grad til rette for aktiv bruk av samlingane. Eit samlingsentrum vil gje same gode bevaring av samlingane, men har ein betre **balanse mellom bevaring og bruk**,

ved å ha fleire funksjonar. Det skal vere rom for å arbeide med alle sider av samlingsforvaltning, frå reingjering og dokumentasjon til konservering og pakking. Det skal også vere mogleg å bruke fasilitetane til formidling, kurs og workshopar. Målet er **ei heilskapleg samlingsforvaltning**, som koplar saman fagfolk og lokalsamfunna med samlingane, i eit miljø som er tilpassa både gjenstand og menneske.



# 1 Bakgrunn for arbeidet

I 2019 var Fullt hus! -Utgreiing av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland ferdig og sendt til politisk handsaming hjå Hordaland fylkeskommune. Rapporten vart skriven på bakgrunn av at det eksisterande fellesmagasinet i Salhus allereie på dette tidspunktet nærma seg heilt fullt. Dagens fellesmagasin i Salhus var meint å vere eit første steg på vegen mot å løyse problemet musea har med mangel på store og gode nok magasin, men heilt frå starten var ein klar over at dette magasinet ikkje er stort nok. Rapporten seier noko om arealbehov, lokalisering, eigarskap og økonomi i det nye magasinet. Den legg til grunn at magasinet skal byggast, eigast og driftast av fylkeskommunen slik dei gjer med bygga som hyser Bevaringstenestene i dag, medan MUHO har personalansvar og er ansvarleg for dagleg drift. Ved bygging av nytt magasin har vi tatt utgangspunkt i ei vidareføring av driftsforma til Bevaringstenestene; ein driftsmodell som har vist seg å vere svært vellykka.

I fylkestinget sitt møte 14.12.2021 vedtok Fylkestinget at dei *ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Samstundes er politikarane opptekne av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivaretekne. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.*

Dei ber difor administrasjonen om å *greie ut moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnader til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk (sak124/2021).* Denne rapportens svarer ut politikarane sine spørsmål frå eit museumsfagleg synspunkt, og er utarbeida av ei arbeidsgruppe ved Bevaringstenestene.

I perioden 2015-16 vart arealbehova til musea kartlagde. Desse tala vart lagt til grunn i *Fullt hus!*, og det har no vore naudsynt å gå igjennom desse tala på nytt for å sjå om det er mogleg å kutte i behova eller om det har skjedd vesentlege endringar de siste fem åra; dette også med bakgrunn i vedtaket som vart gjort. For å oppdatere tala, har vi gjennomført ei nettundersøking, og vi har besøkt alle musea i fylket for synfaringar og samtalar. Vi har også sett det som viktig å ha ein tett dialog med musea slik at dei kan spele inn sine behov og ønskje til det nye magasinet. Difor arrangerte vi workshopen «Skal vi flytte saman?» for samlingsforvaltarane og direktørane i musea.

For å lære meir, og slik ha eit betre grunnlag å planlegge ut frå, reiste vår interne arbeidsgruppe saman med direktør Elisabeth Halvorsen og Sølvi Vik (leiar av samlingsrådet og brukarforum for musea og samlingsleiar i Bymuseet) til Nederland for å sjå på nye fellesmagasin der. Fleire museum har gått saman om å byggje magasin- og konserveringsverkstader, såkalla collection centre, og for å halde investerings- og driftskostnadene nede har dei bygt nøkterne lågenergibygg utanfor dei store bysentra.

## PROSJEKTGRUPPE

### Vestland fylkeskommune si arbeidsgruppe:

Eva Moberg, fagleiar museum, fartøy og bygningsvern  
Jan Tore Rosenlund, seksjonssjef utbygging/eigedom  
Elisabeth Halvorsen, direktør MUHO  
Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar Bevaringstenestene

### MUHO si interne arbeidsgruppe

Natalija Čosić, preventiv konservator og prosjektleiar  
Ida Areklett Garmann, tekstilkonservator  
Heidi Seilfaldet, museumskoordinator  
Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar

## 2 Den danske modellen og nye magasin i andre land

**Den danske modellen refererer til eit museums-  
magasin med så gode termiske eigenskapar at  
det klimaregulerer seg sjølv. Ein treng ikkje  
omfattande ventilasjonsanlegg i magasin, og  
driftskostnadane er såleis svært låge. Vi har besøkt  
to magasin i Nederland som er bygde etter dette  
prinsippet.**

**I tillegg til magasin, har dei også andre sentrale  
funksjonar som kontorplassar, fotostudio, konser-  
veringsatelier og gode arbeidsrom kor ein kan  
utføre alle delar av samlingsforvaltningsarbeidet  
på ein effektiv og rasjonell måte. Bærekraft er eit  
sentralt stikkord ved desse bygga.**

Forskarar i Danmark har utvikla ein modell som går ut på å bygge nye bygg med så gode termiske eigenskapar at dei klimaregulerer seg sjølv. Magasina blir bygde på ein såle direkte på grunnen, der eit uisolert betonggolv regulerer temperaturen i bygget. Saman med tjukke veggjar av betong og isolasjon får bygget god varmekapasitet og evne til å leie varme, og dette sørger for jamn temperatur året igjennom. I takt med naturlege temperatursvingingar vil bygget oppta og avgje fukt slik at ein også oppnår stabil relativ fukt i bygget. Når dei i tillegg er lufttette vil dei fungere som ein termos. Dermed trengst korkkje oppvarming eller ventilasjon, og det krev lite energi til å drifte dei. Denne typen bygg har ei lang forventa levetid.

Dette prinsippet om lågenergimagasin vert i museumsmiljøet referert til som Den danske modellen, og dei siste 4-5 åra er det bygt fleire magasin i Europa etter dette prinsippet. Saman med Danmark ligg Nederland fremst i løypa, og har bygt to magasin etter den danske modellen i løpet av dei siste fire åra.

I Amersfoort har dei fire store, nasjonale institusjonane Rijksmuseum, Nederlands Openluchtmuseum, Paleis Het Loo museum og The Cultural Heritage Agency of the Netherlands gått

saman om **CollectieSentrum Nederland (CCNL)** som opna i 2020. Anlegget er trufast mot den danske modellen ved at ein 60 cm tjukk betongsåle utnyttar jordvarmen. Like tjukke veggjar av betong, isolasjon og aluminium ytterst utgjer veggane i det lufttette bygget. Dimensjonane i magasinet tek utgangspunkt i den høgaste og tyngste gjenstanden, og dette har så sett standarden slik at alle magasinromma har ei takhøgde på 5,5 m. Dei mest verdifulle



**Tverrsnitt av veggjen på CCNL. Frå venstre: aluminiumsplate,  
to lag isolasjon, betong. Totalt 60 cm**



***Den største gjenstanden som bygget er dimensjonert etter***


gjenstandane, som gull og diamantar har eigne magasin med mindre dimensjonar.

Alt inventar i magasinet er manuelt drive, og straumen til lys er slått av når det ikkje er folk der. PC-ar og truckar med litiumbatteri vert flytta ut av magasinane når dei ikkje er i bruk. Dermed trengst ikkje sløkkesystem i magasinet; det er ingenting der som kan ta fyr. Dette reduserer både investerings- og driftskostnadane.

I tilknytning til magasinet er det store, opne areal for arbeid direkte med gjenstandane, og ein del med kontor- og personalfunksjonar.

Arkitekten forklarar bygningskomplekset som «kropp, nakke og hovud», tre ulike bygningar som heng saman.

Magasindelen utgjer «kroppen», og arealet for medarbeidarane er «hovudet»: kontor, møterom og andre sosiale soner. Desse to kroppsdelane er sjølvstøtt bunde saman av «nakken», der samlingar og menneske møtes.



***Store areal til å arbeide med gjenstandane <sup>2</sup>***






Prinsippkisse CCNL i Amersfoort <sup>3</sup>

«Nakken» innehold alle forvaltningsfunksjonane: gjenstandsmottak, konserveringsverkstader, fotorom, pakkeareal osv.

CCNL brukar anoksi (reduisert oksygenivå) som metode for insektsanering. Dei har to kammer slik at det kan vere kontinuerleg drift. Kammeret står med lågt oksygenivå i 25-30 dagar og er den mest skånsame metoden for insektsanering. Dei har også frys. Bygga har ei samla golvflate på 31.000 m<sup>2</sup>, og på taket står det 3.600 m<sup>2</sup> solpanel som produserer den straumen anlegget treng. Sjølv regnvatnet kjem til nytte; det blir brukt til å spyle toaletta med. CCNL er BREEAM-sertifisert med fem stjerner, outstanding.<sup>4</sup>

### LAYOUT: HOVUD - NAKKE - KROPP



Prinsippkisse KSF i Friesland <sup>5</sup>

I Friesland, regionen heilt nord i Nederland ligg Kolleksjesintrum Fryslân (KSF), som er eit felles anlegg for 6 museum i regionen. Også dette er eit lågenergibygg etter den danske modellen, med magasin i eit kompakt betongbygg bunde saman med ein eigen fløy for fellesfunksjonar som kontor, arbeids- og pauserom samt mottaksområde. Fordelt over 3 rom har KSF vel 2000 m2 magasin med elektriske kompaktsystem fordelt på golv med messaninar, medan bygningen til saman utgjer 3007 m2. I motsetnad til anlegget i Amersfoort er magasinet her på berre ein etasje.

Som for CCNL har ein også her montert solpanel på taket. KSF har også sedum på taket og fasadevegetasjon som viktige berekraftstiltak. Anlegget har vore i drift sidan 2016, og erfaringstala viser at det årlege energiforbruket svarar til forbruket for ein gjennomsnittleg husstand.

Vi har besøkt både CCNL og KSF. I tillegg til å vere lågenergibygg har dei lyse og romslege lokale til alle funksjonar innan samlingsforvaltning (konservering, dokumentasjon, pakking), noko som gjer arbeidsflyten enkel.

CCNL har dessutan lagt vekt på å ha fleksible rom med flyttbare vegger slik at dei får utnytta delar av areala på ulike måtar etter behov, som t.d. kurs, foredrag, plasskrevjande arbeid med samlingane og undervisningsopplegg for skuleklassar. I Friesland har dei ikkje tilsett konservatorar og har difor heller ikkje fungerande atelier for dette, men store, opne lokale gjer det lett å legge til rette for slikt arbeid.

Driftsmodellen ved CCNL er også interessant. Dei fire eigarmusea har lokalisert sine samlingsavdelingar ved senteret. Dei er tilsette ved «sine» museum, men arbeider saman i eit mykje større fagmiljø enn det kvart museum kan tilby dei. Slik blir dei ein del av eit fagleg utviklande miljø og får tilgang på mykje godt teknisk utstyr.



**Gode magasin med enkel tilgang**

Med felles gjenstandsdatabase er det også enkelt å låne frå kvarandre sine samlingar. Dette er ein liknande struktur som den vi har på plass med våre tilsette på Bevaringstenestene, men ved å i tillegg kunne tilby musea kontorplassar og arbeidsrom, vil samarbeidet på samlingsforvaltningsfeltet kunne utvidast ytterlegare. Der CCNL har nær 20 tilsette er det berre ein tilsett ved KSF; vedkomande koordinerer all innflytting og utlån i magasinet, og har sjølv sagt ansvar for logistikken i magasinet.

Denne måten å bygge magasin og konserveringsverkstader kan lett overførast til våre forhold, med gode høve til å få eit berekraftig bygg. Begge desse anlegga er bygt med utgangspunkt i samlingane og forvaltninga av dei sine behov. Det er ein bonus at det kan leggjast til rettes for formidling.



**Kolleksjesintrum <sup>6</sup>.**

**Magasina til høgre, med fløy for kontor og andre arbeidsplassar til venstre. Bygningane utgjer 3007 m2 av ein tomt på 6885 m2.**

<sup>2</sup> <https://archello.com/story/101260/attachments/photos-videos/14>

<sup>3</sup> <https://dms-cf-04.dimu.org/file/03347Sfms2Lo> og <https://archello.com/story/101260/attachments/drawings/2>


<sup>4</sup> Les meir om BREEAM her: <https://byggalliansen.no/sertifisering/om-breem/>

<sup>5</sup> <https://architizer.com/idea/2192995/>

<sup>6</sup> <https://architizer.com/idea/2151544/>

<sup>7</sup> <https://archello.com/es/story/101260/attachments/photos-videos/13>





*Store, romslege arbeidsrom 7*

# 3

## Magasinbehova ved musea

I perioden sidan rapporten *Fullt hus!* var skriven, er det skjedd mykje i musea, og det var trong for å oppdatere arealbehova i eit nytt fellesmagasin. Vi utvikla ein trestegs metode med ei nettundersøking, synfaringar i alle magasin, og handtering av innsamla materiale. Resultatet er at musea har mindre behov for lagring av små gjenstandar no enn i 2015, men større behov for lagring av store gjenstandar. Totalt sett finn vi at behovet for magasinplass er 1100 m<sup>2</sup> mindre no enn det var i 2015. Etter denne undersøkinga ser vi også at musea har eit presserande behov for betre fasilitetar der det er mogleg å sanere og reingjere gjenstandar, overvake dei og oppbevare dei i eit miljø som minimerer helsefaren for menneska som arbeider med dei, og som bevarer dei best mogleg.

Hovudfokuset i vår har vore å finne og forstå forskjellen mellom behovet for magasinplass som vart rapportert inn i 2015, og situasjonen no etter 7 år. Rapporten *Fullt hus!* gir oss godt oversyn over kva arealbehovet er, men det var behov for å oppdatere dette og sjå meir på kva kategoriar av gjenstandar det eigentleg er som treng betre oppbevaring.

Det har også vore ei ny museumskonsolidering i perioden, og sjølv sagt har det blitt gjennomført mykje arbeid med samlingane sidan førre undersøking.

For å kunne oppdatere tala laga vi ein 3-stegsmetode. Steg 1 var ei digital spørjeundersøking for å få eit første overblikk over situasjonen. Steg 2 var gjennomføring av synfaringar i dei aktuelle magasinane, og steg 3 var handsaming av innsamla data og samanlikning av resultatane frå 2015 med dei nye tala.

### Oppsummering frå nettundersøkinga

- Musea manglar gode og store nok rom til å arbeide med samlingane. Det vil seie reingjering, dokumentasjon og pakking.
- Fleire melder behov for eit stort fotostudio der ein kan få gode foto også av dei største gjenstandane.
- Dei finn det vanskeleg å få ein god og rasjonell arbeidsflyt, fordi fasilitetane dei har heller ikkje er gode nok når det kjem til utforming og arbeidstilhøve i dei mørke og kalde delane av året.
- Det er ofte vanskeleg med tilkomst til store delar av samlingane og store og kompliserte gjenstandar blir dermed umogleg å arbeide med.
- Musea manglar oversyn og store delar av samlingane er ikkje registrert, enten ikkje i det heile, eller på ein utilfredsstillande måte.
- Dei har generelt ikkje nok ressursar til å fullt ut handtere den store oppgåva som samlingsforvaltning er.

Dette fører mellom anna til store etterslep i registrering. Alle musea seier at dei treng fleire tilsette som kan arbeide med samlingane.

- Musea har også vanskar med å oppbevare spesielle samlingar som til dømes medisinske samlingar, «våte objekt» som til dømes prøver på fiskeolje, hermetikk, biologiske samlingar, eller plastgjenstandar i nedbryting.
- 5 av 7 museum seier at dei har insektåtak i samlingane.
- 6 av 7 seier at samlingane høgst sannsynleg har blitt behandla med pesticid på eit tidspunkt.
- 5 av 7 seier samlingane inneheldt farlege stoff.
- Gjennomsnittleg tilvekst i samlingane er 110 gjenstandar pr museum pr år. Ut frå det talet kan vi rekne med ein tilvekst på 6930 gjenstandar samla de siste 7 åra. Dette må det takast omsyn til i tala for nytt magasin.



## Nettundersøking

Nettundersøkinga stilte ei rekkje ulike spørsmål kring arbeidet med samlingsforvaltning i musea (Vedlegg 1). Spørsmåla er både av meir overordna karakter, men går også direkte på magasin og arbeidssituasjonen der. Vi ønska å kartleggje kor mange ved musea som arbeider med samlingsforvaltning, og om dette er tilstrekkeleg med ressursar. Vi stilte også spørsmål kring kva musea ser som utfordrande i dagens situasjon, og kva som vil bli viktig for dei i eit nytt fellesmagasin.

7 av 8 museum svarte på nettundersøkinga<sup>8</sup>. For å kort summere, manglar alle musea i svært stor grad gode nok magasin til samlingane sine. Men i tillegg til dette openberre problemet rapporterer musea også om andre område der dei har utfordringar i den daglege samlingsforvaltninga.

Resultatet frå undersøkinga viser at musea har eit presserande behov for betre fasilitetar der det er mogleg å sanere og reingjere gjenstandar, overvake dei og oppbevare dei i eit miljø som minimerer helsefaren for menneska som arbeider med dei, og som bevarer dei best mogleg. Dei store musea melder tydeleg frå om eit behov for å kunne gjere arbeid med samlingane i det nye bygget. Også musea som ligg lengre unna Bergen, melder om eit ønske om å kunne arbeide i nye fasilitetar i periodar. Det er svært tydeleg gjennom undersøkinga at ingen av musea finn at dei pr. i dag har tilstrekkelege ressursar på eiga hand.

Eitt av musea rapporterer også om at dei i svært liten grad har høve til å ta imot tilbod om gåver på grunn av plassmangel. Det er alvorleg at eit museum går glipp av gjenstandar som kan vere viktige i samlinga fordi dei ikkje har tilstrekkeleg plass i magasin. Andre museum vel å ta inn gjenstandar i samlingane sjølv om dei ikkje har plass til å oppbevare dei trygt, og dette er sjølvsagt heller ikkje ei god løysing.

## Synfaringar på museumsmagasina og metode

Etter spørjeundersøkinga reiste vi på synfaringar til alle dei aktuelle magasin i fylket. Dette var eit stort arbeid med ei kort tidsramme. Enkelte magasin er i gangavstand medan andre ligg milevis frå kvarandre. Vi laga ein metode som gjorde det mogleg for oss å kartlegge 9 museum og i alt 52 magasin på kort tid (Vedlegg 2). I denne fasen av arbeidet la vi bak oss 1500 km på svingete vestlandsvegar.

Å definere krav til lagringsplass er ei kompleks oppgåve fordi det inneber å konvertere visse faktorar som er vanskelege å talfeste til fysisk plass. Berekna samlingsvekst og krav til tilgang, bruk og førebyggjande bevaringskriterium er vanskeleg å omsette til areal og volum når musea ikkje veit kva dei kjem til å samle inn i framtida, men vi har brukt ein metode som likevel gir oss eit godt og reelt anslag.

**Sidan situasjonen på kvar stad var ulik, kunne vi ikkje bruke eit einsarta målesystem. For å rekne ut kva magasinplass det var behov for, måtte vi difor:**

1. Bestemme lagringskrava for dei spesifikke gjenstandane/samlingane, det vi kan kalle ei gjenstand for gjenstand-tilnærming.
2. Måle opp dagens magasinvolument

Denne metoden startar med ei visuell vurdering av samlinga, lagringstype og volum.

Vi har hatt som mål å identifisere gjenstandar som er svært tunge og/eller har store format for å slå fast magasinbehovet deira. Erfaringane frå andre liknande prosjekt stadfestar det viktige i å



Synfaring på eit av musea



**Døme på store, tunge gjenstandar**

identifisere slike gjenstandar, då dei i stor grad kan påverke visse eigenskapar ved bygningen. Til dømes vil måla på dei største gjenstandane bestemme dørbreidd og takhøgde i romma.

I tillegg har vi også talfesta denne typen gjenstandar slik at vi har oversyn over kor mange vi har i kvar kategori. Dei største gjenstandane er brannbilane ved Bymuseet og ein del kinesiske skulpturar hos KODE. I tillegg til å vere store er dei også svært tunge og har difor behov for passande golvareal med tilstrekkeleg vektkapasitet.

I tillegg vil andre store gjenstandskategoriar, som t.d. gravferdsvogner og dei mange ulike båtane musea har krevje særlege tilpassingar i magasinet.



For døme på dei største gjenstandane, sjå vedlegg 3.

Den andre tilnærminga var å konvertere eksisterande lagringssystem til optimale framtidige krav til areal, enten for faste eller flyttbare hyller. I nokre tilfelle måtte gjeldande lagringsprinsipp justerast fordi hyllene var overfylte og gjenstandane lite tilgjengelege.

Ein del av besøket på musea vart også brukt til observasjon av lagringsforholda, sjølv om hovudmålet ikkje var å gjere ei kvalitativ vurdering<sup>9</sup> av dagens lagringstilstand og i kva grad magasinane var eigna for formålet.

Vi ser at det er overfylte magasinareal, uklårt oversyn over samlingane, og framfor alt dårleg tilgang til gjenstandane.



**Overfylte magasin**



## Endringar i arealbehov 2015-2022

AREALBEHOV (M ELLER M2)					
	60 cm	80 cm	120 cm	m2	m2
MUSEER	Arkivreol (m)	Universalreol (m)	Pallereol (m)	Golv plass	Oppheng
<b>1. Baroniet</b>	10				
<b>2. Bymuseet</b>	541	163	157	274	528
<b>3. Hardanger og Voss Museum</b>	120	227	176	234	19
<b>4. KODE</b>	9	15	40	84	103
<b>5. Kraftmuseet</b>	200	102	172	406	160
<b>6. MiSF</b>	20	17	71	26	10
<b>7. Museum Vest</b>	566	428	549	631	419
<b>8. MUHO</b>	233	34	141	176	116
<b>9. Sunnhordland</b>	68	53	249	106	18
<b>Samla behov 2022</b>	1767	1040	1553	1936	1373
<b>Samla behov 2015</b>	2692	1409	1226	1945	949
<b>Forskjell 2022:2015</b>	-925	-369	327	-9	424
<b>Reduksjon</b>	34%	26%		0,5%	
<b>Auke</b>			27%		45%

**Tabell 1** syner behov for hyllemeter og kvadratmeter.

**MERK:** i denne tabellen er det ikkje innrekna plass til flytting og handtering av samlingane.

### Metode for handsaming av innsamla data

Ei av dei mest komplekse sidene ved å planlegge eit museums- magasin er å avgjere kor mykje plass som trengst for å oppbevare samlingane. For at vi skal kunne samanlikne tala har vi valt å behalde dei same hylletypene som alt er brukt i *Fullt hus!*, og dette påverka i stor grad korleis vi behandla den informasjonen som vi har samla inn. Dimensjonane til både enkeltobjekt og reolar vart konvertert til å passe inn i desse kategoriane: arkivreol (d:0,6 m), universalreol (d:0,8 m), pallereol (d:1,2 m), oppheng og golv plass. Denne prosedyren vart gjennomført ved kvart museum. Deretter rekna vi om frå hyllemeter til arealbehov, med same metode som i 2015, for å sikre samanliknbare resultat. Så sette vi opp tabellar som, lokale for lokale, samanlikna resultatata i 2015 med resultatata no.

Tabellane vart sendt til alle musea, og dei har fått høve til å kommentere på resultatet. I samarbeid med musea har vi justert dersom det har vore behov.

I tabell 1 har vi samanstillt resultatata for alle musea. Her ser vi at musea generelt har meldt inn eit *mindre behov* for plass i fellesmagasin til små og mellomstore gjenstandar no enn i 2015, og *eit større eller tilsvarende behov* for plass til store og veldig store gjenstandar, samt gjenstandar som krev opphengsløysingar. Dette har ei logisk forklaring, og kjem nok av at mange av musea i større grad greier å løyse behova sine for å lagre små gjenstandar i lokale magasin, samt at mange av dei små gjenstandane dei hadde lokalt tidlegare, er flytta til det eksisterande fellesmagasinet i Salhus i tida som har gått (sjå statistikk i vedlegg 4). Vi ser også at behovet for oppheng er



45 % høgare no enn ved førre undersøking. Dette er ein plasseffektiv måte å lagre samlingar på, og kan saman med auke i pallereol også forklare at behovet for golv plass er litt redusert.

På same vis som i nettundersøkinga, viser desse tala også at det er særleg dei store og kompliserte gjenstandane musea ikkje har moglegheit til å ivareta på ein god måte med dei fasilitetane dei har. Endringar i tal kan også komme av at musea har gjort mykje arbeid for å betre situasjonen for samlingane sine, og noko er allereie flytta til betre lokale enn det hadde for 7 år sidan. Dette vil likevel ikkje seie at samlingane som er flytta dermed er oppbevart godt nok, og i sin tur tyder det at nokre av samlingane må flyttast på igjen.

Det er derfor no heilt avgjerande å få på plass store og gode nok lokale, slik at ein slepp å flytte samlingane fleire gongar. Dette er svært arbeidskrevjande og ikkje minst fører det med seg unødig slitasje på samlingane.

Ein annan faktor som kan føre til variasjon i tala er arbeid som fleire av musea har gjort med samlingsprofil og samlingsplanar, noko som kan føre med seg endringar i kva type gjenstandar musea vil prioritere. Det at musea heller ikkje har fullt oversyn over samlingane sine medfører at det vert umogleg å få heilt nøyaktige tal. Vi kjenner oss likevel trygge på at vi har fått eit så godt og omfattande oversyn som det let seg gjere på noverande tidspunkt.

**I den følgjande teksten er ein heilt kort gjennomgang av situasjonen på kvart enkelt museum, der det går fram kva museum som no har høgare tal, og kva museum som har lågare tal.**

### **Baroniet Rosendal**

Baroniet har ei avslutta samling, og det meste av samlinga er utstilt. Museet har difor svært avgrensa behov for plass i eit fellesmagasin. Vi har hatt møte med Baroniet, og dei meldte då om nokre mindre møblar på loftet på Baroniet. Desse er det ønskjeleg å flytte til eit fellesmagasin, og dei er difor lagt inn i tala. I 2015 var det ikkje meldt inn behov i det heile.

### **Bymuseet i Bergen**

Bymuseet har arbeidd aktivt med å forbetre tilhøva kring samlingane sine i åra som har gått sidan førre undersøking. Fleire av museet sine dårlege magasin på Gamle Bergen er fråflytta. Museet har mellom anna innreidd eit nytt tekstilmagasin i lokala sine på Hordamuseet, og dei har flytta mange gjenstandar inn i museet sitt nærmagasin i Jordal. Det viser seg difor at museet har eit mindre behov for arkiv- og universalreolplass i fellesmagasinet no enn ved førre undersøking, men tala for oppheng og for pallereolplass har gått svakt opp. Det vil seie at dei framleis har eit stort behov for å kunne lagre store og kompliserte gjenstandar i eit fellesmagasin.

### **Hardanger og Voss museum**

Hardanger og Voss har jamt over høgare tal no enn dei hadde

i 2015. Voss folkemuseum har fått ei ny basisutstilling, og i samband med dette har museet leigd to eksterne lager, mellom anna til oppbevaring av dei delane av samlinga som tidlegare var stilt ut. Dette forklarar noko av auken. Det er også meldt inn eit ønske om å flytte større delar av samlingane frå fjernlager knytt til Hardanger folkemuseum og Kabuso. Ingen av desse fjernlagera er tilfredsstillande med omsyn til standard. Museet ønskjer også å flytte ein del større båtar.

### **KODE**

For KODE sin del er situasjonen svært annleis i dag enn den var i 2015. Museet har leigd og innreidd eit nytt magasin på Kokstad, og størsteparten av samlingane som i dag er lagra i sentrumsbygga skal flyttast dit. Dette vert museet sitt primære magasin og skal fyllast med gjenstandar innan kunsthandverk, design og biletkunst. Oppstart på flytteprosjektet er planlagt hausten 2022. Deira behov er difor mindre no enn i 2015. Museet melder likevel om at det nye magasinet deira ikkje er stort nok til å huse alt i samlingane til KODE, og dei melder difor at dei i tillegg vil ha behov for om lag 250 m<sup>2</sup> i eit nytt fellesmagasin; store møbel og innramma maleri av store format er noko av det dei treng plass til.

### **Kraftmuseet**

Kraftmuseet melder om eit større behov no enn i 2015. Museet har arbeidd med samlingsprofilen sin, og ønskjer å samle inn gjenstandar som viser meir av utviklinga som har vore innan kraftindustrien. Difor reknar museet med å ta inn mange fleire store maskiner og teknisk utstyr i samlingane, og dette er store og tunge gjenstandar som krev mykje plass. Mange av desse maskinene og utstyret står i dag spreidd i ulike eldre bygg i Odda.

### **Musea i Sogn og Fjordane**

Musea i Sogn og Fjordane var naturleg nok ikkje ein del av undersøkinga i 2015 i og med at dette var før fylkessamanslåinga. Dessutan har MiSF sitt eige magasinprosjekt i Angedalen som er under bygging. Dette vert magasin for alle avdelingane i det konsoliderte museet MiSF. Men ettersom vi som ei fellesteneste for musea i fylket også skal arbeide for MiSF, har vi likevel vore i kontakt med dei om dei har behov utover eige magasin. Det er på det reine at magasinet i Angedalen ikkje er stort nok til å dekke museet sitt totale behov. MiSF har dessutan gitt signal om at Sogn og Fjordane Kunstmuseum har behov for plass til store kunstverk, då både deira eige magasin og magasinet i Angedalen vert for lite. Museet har også meldt inn eit magasinbehov for gjenstandar som er laga av materiale som er særskilt krevjande å ta vare på.

### **Museum Vest**

Museum Vest har jamt over eit større behov for plass i fellesmagasin no enn i 2015. Det kan vere fleire grunnar til dette. Ein grunn er at museet må flytte ut av lokala på Bontelabo som dei har brukt som magasin for Fiskerimuseet sine samlingar. Museet har også store samlingar lagra i Ytre Arna, og desse magasinane ønskjer dei å flytte heilt ut av. Sjøfartsmuseet planlegg ei ny basisutstilling, og dette



kan truleg medføre at ein del av gjenstandane som er utstilt der i dag, vil måtte flytte til magasin. I prosjektet med kartlegginga av båtar i samlingane i Vestland har Museum Vest fått godt oversyn over denne delen av samlinga, og dei ønskjer å flytte alle båtane i det dei kallar kategori A til eit nytt fellesmagasin. Dette er plasskrevjande samlingar som dermed også fører til at talet vert høgare. Museet har også mange motorar, industriutstyr og stort/tungt fiskeutstyr som treng store areal.

### Museumssenteret i Hordaland

MUHO har meldt inn eit noko mindre behov, særleg talet på hyllemeter for arkivreol har gått ned. Sidan førre undersøking har museet skrive ein samlingsplan, og dei har dermed arbeidd mykje med spørsmål kring kva samlinga skal omfatte, og kva som er prioriterte gjenstandar. Dette kan sjølvstøtt ha innverknad på tala; betre oversyn på dette området gjev meir nøyaktige tal. MUHO har mange plasskrevjande gjenstandar som til dømes strikkemaskiner.

### Sunnhordland museum

Sunnhordland museum har eit generelt høgare tal enn førre gong. I 2017 var det ein vasslekkasje i det lokale magasinet på museet, noko som førte til at dei måtte evakuere heile samlinga til eit fjernlager. Museet har rehabilitert det gamle magasinet og fått på plass gode løysingar for bevaring av samlingane, men det er ikkje plass nok å huse heile samlinga. I samtale med museet har vi difor auka behovet for plass i fellesmagasinet med 20 %.

### Oppsummering av arealbehov i 2022

For å rekne ut storleiken på bygningen konverterte vi resultatet til framtidig behov for golvareal. Vi tok omsyn til høgda på dei største gjenstandane og tilstrekkeleg areal for trygg intern transport og tilgang til samlinga. Framtidig samlingsvekst vart rekna ut frå rapporterte tal og forventningar frå museet.

Tabellen nedanfor viser tre ulike variasjonar i magasinbehov, avhengig av bygget sine eigenskapar og plasssparande løysingar. Kolonnene 1 og 2 viser metoden som er brukt både i samband med *Fullt hus!* og denne rapporten. Kolonne 3 syner ein ytterlegare reduksjon der vi reduserer behovet for håndteringsplass i tråd med gjeldande standardar henta frå ICCROM sin RE-ORG-metode.<sup>10</sup>

**Tala i kolonne 1** viser ei samanlikning av tala frå 2015 og 2022 med ei gitt takhøgde på 2.7 m. Denne høgda vart brukt i gjennomgangen frå 2015 fordi den var den mest vanlege i dei lokala som vart undersøkte. Vi ser at dei rapporterte behova i 2022 er 900m<sup>2</sup> lågare enn i 2015. Andre kolonne viser korleis større takhøgde påverkar arealet. Konseptet med lågenergibygg gjer det mogleg å ha stor takhøgde samstundes som det oppfyller eit berekraftig bygningsprinsipp. Ei takhøgde på 5.5 m gjer at vi kan spare ein del plass ved å ha eit kompaktsystem i to etasjar i delar av rommet, og framleis ha plass til dei høgaste gjenstandane i andre delar.

		1 FH metode		2 FH metode		3 Reduksjon handteringsplass	
		2022	2015	2022	2015	2022	2015
		Areal ved 2.7 m takhøgde		Areal ved 5.5 m takhøgde		Areal ved 5.5 m takhøgde med reduksjon i naudsynt plass til handtering	
60 cm	<b>Arkivreol (m)</b>	<b>580</b>	867	<b>407</b>	612	406,5	612
80 cm	<b>Universalreol (m)</b>	<b>452</b>	833	<b>320</b>	588	319,5	588
120 cm	<b>Pallereol (m)</b>	<b>1014</b>	1330	<b>1014</b>	1330	1014	1330
m2	<b>Golv plass</b>	<b>3871</b>	3900	<b>3291</b>	3300	2874	3300
m2	<b>Oppheng</b>	<b>336</b>	220	<b>336</b>	220	336	220
<b>Samla behov</b>		<b>6253</b>	7150	<b>5367</b>	6050	<b>4950</b>	6050
<b>Reduksjon</b>		<b>900</b>		<b>685</b>		<b>1100</b>	

Tabell 2 syner arealbehov.

Dersom vi i tillegg til metoden som er brukt både i samband med *Fullt hus!* og denne rapporten, bruker RE-ORG<sup>11</sup> metoden å rekne på golv plass, kan vi redusere arealbehovet for golv plass ytterlegare. Då endar vi opp med 1100 m<sup>2</sup> mindre arealbehov no enn i 2015. Kolonne 3 viser disse reduksjonane.

I metoden vi har brukt først (kolonne 1 og 2), doblar ein arealet for golv plass til samlingane, altså legg til 100% ekstra plass i tillegg til den plassen gjenstandane tar opp, for å sikre tilgang. I RE-ORG metoden reknar ein med at ein treng 75% av arealet som gjenstandane tar opp for å sikre tilgang. Same metode reknar også med lågare prosenttal for handteringsplass til andre typar innreiing.

Vi har derfor her implementert 40% mindre handteringsplass til arkivskuffer og store skuffeseksjonar. Dette meiner vi er realistisk, og dersom vi går ut i frå dette i staden, kan vi altså rekne inn ein større reduksjon i arealbehovet for golv plass. Det vil seie at vi sparer 400 m<sup>2</sup> golv plass.

I det siste trinnet, og på grunn av dei oppgitte behova fra nettundersøkinga, la vi også til 10% ekstra plass for samlingsvekst. Summen bli då 5445m<sup>2</sup>. Det er altså lagt til om lag 500 m<sup>2</sup> for eit anlegg som vert bygt for å vare dei neste 50 åra. Vi har tidlegare nemnt at gjennomsnittleg tilvekst er 110 gjenstandar pr museum pr år. Ut frå det talet kan vi rekne med ein samla tilvekst på 6930 gjenstandar for dei 7 åra som har gått sidan 2015.

Vi må ha i mente at dette blir eit anlegg for 9 museum med svært ulike samlingar når det gjeld kompleksitet og samlingsmessige behov. Dei dekker emne som spenner frå samtidskunst, kulturhistorie for by og bygd til viktig medisinsk og maritim historie. Dermed er 500 m<sup>2</sup> for tilvekst eit absolutt minimum for å gi langsiktig bevaring og utvikling av museumssamlingane i Vestland.

**Tabell 3** viser dei totale magasinbehova i tillegg til areal for støttefunksjonar i eit nytt samlingscenter. Vi ser at innhenta data frå 2022 viser eit lågare kvadratmetertal for magasindelen enn det gjorde i 2015. Talet i 2022 er 8035 m<sup>2</sup>, det vil seie ein reduksjon på 765 m<sup>2</sup> frå *Fullt hus!*, der tilrådinga var 8800 kvadratmeter. Dersom ein ønsker at alle samlingane skal vere på ein og same stad, det vil seie at ein også inkluderer dagens fellesmagasin i Salhus, kjem vi til 9335 m<sup>2</sup>.

OPPSUMMERING AREALBEHOV	
Magasinbehov 2022	5475
Tekniske installasjonar og tilkomstareal	960
Naudsynt infrastruktur <sup>12</sup>	800
Konservingsatelier for papir, maleri og store gjenstandar	350
Konservingsatelier for tekstil, gjenstand	450
<b>Arealbehov samla</b>	<b>8035</b>
Salhus	1300
<b>Arealbehov inkludert Salhus</b>	<b>9335</b>

**Tabell 3 oppsummering arealbehov**

<sup>8</sup> Ettersom den førre undersøkinga vart gjort før samanslåinga av fylka, vart denne ikkje sendt til Musea i Sogn og Fjordane.

<sup>9</sup> Ei kvalitativ vurdering av magasin vart gjort i *Fullt hus!*-utgreiinga.

<sup>10</sup> <https://www.iccrom.org/programmes/re-org/our-approach>

<sup>11</sup> Naudsynt infrastruktur: Toalett· lunsjrom· kontor (ca· 10 pers)· studierom· garderobe mm·250 m<sup>2</sup>; Frys· anoksikammer· varmebehandlingskammer· 80 m<sup>2</sup>; Gjenstandsmottak· 100 m<sup>2</sup>; Rom for reingjering/sanering av gjenstandar for pectidicid· 60 m<sup>2</sup>; Karantenerom· 60 m<sup>2</sup>; Revitaavdeling· 250 m<sup>2</sup>

<sup>12</sup> Kvalitetskriterium er presentert i RE-ORG-metoden for omorganisering av museumsmagasin·

Meir om metoden finn ein her: [https://www.iccrom.org/sites/default/files/2017-11/en\\_i\\_workbook\\_nov2017\\_a4.pdf](https://www.iccrom.org/sites/default/files/2017-11/en_i_workbook_nov2017_a4.pdf)

## 4

# Andre magasin i Vestland fylke

**Alle musea i fylket har egne nærmagasin. Disse varierer både i storleik og kvalitet, men ingen av dei kan ta imot gjenstandar frå museum utanom sitt eige. Tvert imot har alle musea meldt inn eit behov for plass i eit nytt fellesmagasin. Vi har sett på eit mogleg samarbeid med fylkesarkivet der dei tar imot musea sine fotosamlingar, men her er det framleis spørsmål som må avklarast. Spørsmålet om det er mogleg å gjenbruke eit eksisterande bygg til eit nytt magasin er også vurdert. Fylket informerer om det ikkje fins bygg som er store nok, og i tillegg viser erfaring at gjenbruk av gamle bygg til sjuande og sist vert dyrare enn å bygge nytt.**

I sak PS124/2021, går det fram at fylkespolitikarane stiller spørsmål om det er mogleg å redusere arealet for vårt prosjekt ved å samarbeide med andre magasin, spesielt med KODE sitt magasin på Kokstad og Musea i Sogn og Fjordane sitt magasin i Angedalen. Det blei også stilt spørsmål om ein kan gjenbruke eit eksisterande bygg og om bevaring og lagring av fotosamlingar. I denne delen presenterer vi funna våre kring dette.

Det er viktig å understreke at alle musea i Vestland har egne magasin. Fleire av dei er snart 50 år gamle, ettersom dei blei bygde som følge av at staten oppretta ny tilskotsordning for musea i 1975. I ettertid har nokre av musea løyst sine prekære magasinbehov ved å tilpasse eksisterande bygg til formålet. Desse magasinane er i mange tilfelle for små, og ikkje i samsvar med ICCROM sine kvalitetskriterium for profesjonelle museumsmagasin.

Eit felles problem alle musea står overfor uavhengig av storleik, er overfylte lagerareal og dårleg tilgang til samlingane. Difor utgjør lagringsareala i seg sjølv ein auka risiko for museumsgjenstandane. Passasjar og transportsoner er sjeldan store nok til å sikre god tilgang til samlingane. Hos dei aller fleste er gjenstandar plassert på tilfeldige stader: på golvet og på toppen av hyller, og gjenstandar av ulik type og storleik er plassert saman i reolar av varierende kvalitet (sjå vedlegg 5). Eit vanleg problem er også at ting som ikkje er del av samlingane tek opp magasinplass. På dei fleste stadane finst det heller ingen eksisterande lokaliseringssystem for gjenstandane i magasinane, og der det finst er det ikkje alltid oppdatert.

Denne situasjonen har oppstått anten på grunn av mangel på tilstrekkeleg plass til å oppbevare store gjenstandar eller mangel på rett magasininventar. I nokre tilfelle er det også på grunn av manglande personale til å handtere samlingsforvaltninga. Dette blei også rapportert i nettundersøkinga.

Dei nyaste døma på museum som har sett i gang egne prosjekt for å løyse mangelen på magasin for sitt eige museum er KODE og MiSF. Prosjekta er meint å dekke deira akutte utfordringar og vil ikkje vere tilstrekkeleg til å dekke heile magasinbehovet musea har. Tvert om har begge musea meldt inn arealbehov i det magasinet vi her planlegg.

Eit anna spørsmål var om samarbeid om fotobevaring og magasinareal til foto. Musea ønskjer hovudsakleg å behalde fotosamlingane lokalt, men har for få ressursar til å registrere og digitalisere dei. Dei har heller ikkje gode nok lokale til å bevare dette materialet på lang sikt, og det kan difor vere eit alternativ å deponere dette materialet i fylkesarkivet. Det kan vere ei god løysing for å sikre gode oppbevaringsforhold samstundes som materialet vert digitalisert og tilgjengeleggjort. Fylkesarkivet vil i så fall fritt vil kunne bruke og formidle kopiar av materialet til ålmenta. Registreringane vil, mot betaling, kunne konverterast til Primus, som er musea sitt registreringssystem. Det må avklarast om dette er ei løysing musea ønskjer for sine fotosamlingar.

Fylkespolitikarane ønskjer eit nytt magasin basert på nøkterne krav til innhald og utforming, men med sentrale funksjonar som eit godt museumsmagasin må ha. Det vert stilt spørsmål ved om det finst eit eksisterande bygg som eit slikt magasin kan etablerast i. Fylkesadministrasjonen vil sjølv greie ut om dette, men har informert oss om at det ikkje finst bygningar som er store nok til formålet. Men sjølv om det hadde funnest eit stort nok bygg, syner all erfaring at ombygging av eldre bygg til sjuande og sist vert dyrare enn å bygge nytt.

Det er mange detaljar kring eksisterande bygg som ikkje så lett let seg endre, og som kan tvinge fram tilpassingar som ikkje let seg foreine med krava til moderne og funksjonelle magasin. Mest truleg vil eit eksisterande bygg dessutan ha ei utforming som hindrar god arbeidsflyt med gjenstandane, og vi vil ikkje få dei termiske eigenskapane vi ønskjer for å halde driftskostnadene nede.

## 5 Workshop med musea

**Vi inviterte direktørane og samlingsleiarane til ein workshop om kva eit nytt fellesmagasin kan og bør vere. Cindy Zalm leia workshopen. Ho har lang erfaring med å bygge samlingscenter i Nederland. Det vart fokusert på kva samlingar musea har, og kva areal og funksjonar dei treng for å arbeide med samlingane sine. Vi fekk mange gode diskusjonar, og musea fekk dele sine utfordringar med kvarandre.**

Eit nytt fellesmagasin opnar heilt nye moglegheiter for at tilsette i musea og på Bevaringstenestene skal kunne arbeide tettare saman og på heilt nye måtar. Vi inviterte difor direktørane og samlingsforvalterane i alle dei konsoliderte musea i Vestland til ein workshop med Cindy Zalm. Ho har lang erfaring med å utvikle nye magasinprosjekt i Nederland, som Collection Centrum Friesland og CCNL. Stian Davies, leiar hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune opna workshopen og uttrykte støtte til å skape ein felles stad for bevaringa av museumssamlingane.

Cindy Zalm innleia med at ein alltid må begynne med å lage ein visjon for det nye magasinet og finne ein modell for korleis ein skal arbeide saman i det nye bygget.

Workshopen krinsa rundt to viktige tema, der det første set fokus på museumssamlingane. Musea vart utfordra til å fortelje kva som er den største, den minste og den skjøraste gjenstanden dei har i samlinga og til å tenke over kor ofte dei ulike delane av samlinga er i bruk.

Dette førte oss til det andre temaet, nemleg kor stort areal som trengst for å dekke behovet, og korleis musea planlegg å bruke dette. Musea treng kontorplassar, fotorom og ulike arbeids- og møtelokale. Multifunksjonelle rom opnar for å arbeide på nye og meir effektive måtar, og kan også brukast til kurs eller workshopar som musea ønskjer å ha. Mange av musea manglar plass til dette i egne lokale, og dette kan på sikt bli ein funksjon ved ein ny fasilitet, der ein kan bruke samlinga i samband med publikumsretta aktivitet.

Workshopen førte til mange gode diskusjonar, og musea fekk drøfta dei utfordringane dei har innan samlingsforvaltning med kvarandre. Det vart tydeleg kor avgjerande det er at eit nytt magasin kjem på plass, ikkje berre for å sikre gode oppbevaringstilhøve for gjenstandane, men óg slik at musea får areal til å arbeide med samlingane og gjere dei tilgjengelege.



**Musea presenterte egne samlingar**



**Musea i diskusjon om kva behov ein ny fasilitet kan løyse**

Musea var óg einige om at eit nytt magasin ikkje berre gjer det enklare å få oversyn over eiga samling, men og gjer det lettare å sjå samlingane i samanheng. Det legg også til rette for tettare samarbeid og betre koordinering av dei samla ressursane.



# 6

## Oppsummering og forslag til vidare arbeid

**Vi tilrår at det vert bygd eit nytt lågenergibygg med god infrastruktur, som skal vere for alle musea i Vestland. Dette vil auke samhandlinga mellom musea, og vere eit viktig tiltak for å sikre framtida til museumssamlingane i Vestland fylke. Den neste fasen er å arbeide med å sikre tomt og finansiering, og driftsmodell og eigarskap må avklarast. I lag med musea må vi arbeide med å utvikle eit rom- og funksjonsprogram. Bevaringstenestene heldt fram det gode samarbeidet med musea, for å gjere samlingar og tilsette klar for innflytting i eit nytt fellemagasin for musea i Vestland.**

### Oppsummering

Basert på vårt arbeid, vil vi tilrå at det vert bygd eit nytt bygg med god infrastruktur for alle musea i Vestland.

Eit lågenergi-bygg blir vurdert som kostnadseffektivt og vil vere ei langsiktig investering i god samlingsforvaltning. Det vil bli eit bygg som skal delast av heile 9 ulike museum. Det vil vere unikt og banebrytande å få på plass eit felles samlingscenter som slik knyt saman alle musea i ein heil region. Dette vil kunne auke samhandlinga mellom musea imellom på ein svært gunstig måte, og det vil ha fleire gode ringverknader. Musea kan i større grad og på ein mykje enklare måte bruke kvarandre sine samlingar. Prioritering i samlingane vil også kunne gjennomførast på ein mykje meir effektiv måte når ein får eit godt og samla oversyn over musea sine overlappende samlingar. Auka samarbeid vil også føre til ei generell kompetanseheving.

Primært vil eit nytt bygg sikre bevaring av samlingane i Vestland, i linje med rådande profesjonelle standardar. Men i tillegg vil Samlingscentrum i Vestland bli ein stad der samlingar og menneske møtast. Med multifunksjonelle rom som kan brukast både av tilsette, forskarar og andre som brukar museumssamlingane, vil dette ta samlingsarbeidet i ei svært positiv retning. Eit nytt samlingscenter vil vere med å definere framtida til samlingane i Vestland fylke, og vil gjere at vi kan ta dei store investeringane innan samlingsforvaltning ein gong, på ein stad.

### Forslag til vidare arbeid


Når vi no har gått igjennom og oppdatert magasinbehova i lag med musea, vil vi halde fram dialogen med dei for å utvikle ein god visjon for det nye anlegget, og vidareutvikle tanken om kva eit

samlingscenter kan innebere for oss. Som del av dette vil vi besøkje fleire magasin i lågenergibygg i Norge og Danmark.

For å komme vidare i prosjektet er neste fase å finne ei høveleg tomt til formålet, avklare eigarforhold og driftsmodell, og finansiering av det nye bygget må på plass. Bevaringstenestene vil starte arbeidet med å sette opp eit rom- og funksjonsprogram som fangar opp dei behova musea har formidla. Dette må vise logiske løysingar og samanhengar for dei oppgåvene lokale skal tene, så som mottak, pakking, dokumentasjon, konservering/arbeidsrom og magasin. Det må leggjast stor vekt på fleksible løysingar.

Kravspesifikasjonar for det nye bygget må peike på korleis vi skal bygge for å få eit bygg med lågt energiforbruk, både når det gjeld byggematerial og tekniske spesifikasjonar. Dette er ein del av detaljprosjekteringa som vi meiner bør leiast av Vestland fylkeskommune og gjerast i samarbeid med bygningsingeniørar og arkitektar i tillegg til representant(ar) for brukarane. Det endelege dokumentet vil vere grunnlaget for utforminga av dette nye fellestiltaket for musea i Vestland.

På vegen mot målet vil Bevaringstenestene halde fram samarbeidet med musea innanfor alle sider ved samlingsforvaltninga, slik at både medarbeidarar og gjenstandar blir klare for innflyttingsfasen.



CCNL

## Vedlegg 1

# Nettundersøking

1. Namn på institusjon.
2. Nevn 3 felt innen samlingsforvaltning som museet prioriterer å arbeide med i løpet av dei neste åra.
3. Kva meiner de er dykkar største utfordring når det gjeld bevaring av samlingane?
4. Kor mange tilsette i museet arbeider med samlingsforvaltning?
5. Har museet tilstrekkeleg ressursar til å utføre alle arbeidsoppgåver som ligg innan feltet?  
Viss ikkje, kvar ser de behov for auka ressursar? Her tenker vi også på behov for kursing og støtte.
6. Kor mange gjenstandar tek museet gjennomsnittleg inn i samlinga i året?
7. Kor mange gjenstandar vert avhenda i løpet av eit år?
8. Kor ofte er samlingane de vil flytte til nytt magasin i bruk? Her tenker vi på bruk til forskning, utstilling, utlån osv. Anslå omtrentleg antall forespørslar om bruk av samlingane på magasin pr. år.
9. Har museet ein inntakskomite?
10. Om lag kor stor del av samlinga er i Primus (estimer ca prosentdel)?
11. Sjå vedlagt dokument med innmeldte tal for magasinbehov frå 2015.
  - Er museet i same situasjon, eller har det skjedd endringar?
  - Har de magasin med gjenstandar som de ønsker å flytte til eit nytt fellesmagasin, som ikkje vart undersøkt i 2015?
  - Treng ditt museum ein ny gjennomgang saman med Bevaringstenestene for å oppdatere tala?
12. Har de spesielle behov som de ikkje får løyst i dykkar noverande arbeidskvardag som de ønskjer løyst i samband med det nye magasinet? Ønskjer de å arbeide med samlingane i det nye magasinet? Korleis ser de for dykk arbeidsprosessen?
13. Kva er hovudutfordringar i magasinområdet?
14. Kva er dykkar mest kompliserte gjenstandar å oppbevare trygt på magasin og kvifor? Dette kan vere størrelse, vekt eller materiale/tilstand/form. Vi ber om at de talfester dette i form av mål og vekt.
15. Dersom de har mange av ein spesiell type store gjenstandar (td bilar), kan de gi eit overslag over kor mange de ønskjer å flytte og gjennomsnittleg storleik på denne typen gjenstand?
16. Har de særskilt verdifulle samlingar som de ønskjer å oppbevare på ein sikrere måte? Kan du skildre denne kort? Type gjenstand, ca tal på gjenstandar.
17. Trur du delar av samlinga er angripen av insekt?
18. Dersom ja, kan du skildre denne kort? Type gjenstand, ca tal på gjenstandar.
19. Trur du delar av samlinga er behandla med pesticider?
20. Dersom ja, kan du skildre denne kort? Type gjenstand, ca tal på gjenstandar.
21. Trur du samlinga inneheldt andre farlige stoff (arsenikk, bly, medisinske samlingar osv)?
22. Dersom ja, kan du skildre denne kort? Type gjenstand, ca tal på gjenstandar.
23. Har de andre innspel til oss?

Vedlegg 2

# Musea sine ulike magasinlokale

MUSEUM	ANLEGG	MAGASIN	
<b>1. Baroniet</b>			
<b>2. Bymuseet</b>	Gamle Bergen	Melteriet	Urmakeren
		Paviljongen	Torvsalkjelleren
		Ovnsmagasinet	Brannbiler
	Hordamuseet	Hall 8	
		Båtmagasin	
Hall for begravellesvogner			
<b>3. Hardanger og Voss Museum</b>	Voss	Urdland	
		Møn	
	Hardanger	Utne inne	Agatunet
		Ulgenesløa	Naust Utne
		Sjelvikbua	Kabuso UV-lager
	Grimo	Bjørketeigen	
<b>4. KODE</b>	KODE 1		
	KODE 2		
	BKK magasin		
<b>5. KRAFTMUSEET</b>		Bygg 26	Maleri grafikk
		Tysso rørkjellar	Kraftlabben
		Tysso verkstad	Folgefongata
		Lokalt tekstillager	Odda sm AS div.
<b>6. MiSF</b>		De Heibergske Samlinger	
		Andre lokasjoner	
<b>7. Museum Vest</b>	Fjell		
	Hanseatisk		
	Arna		
	Bontelabo		
	Kystmuseet i Øygarden	Magasin museet	
		To båthus	
		Saltebu	
	Bergen Sjøfartsmuseum	Modellrommet	Arkivrom
Ytre magasin		Utstilling	
Kompaktmagasinet		Kjeller	
<b>8. MUHO</b>	Osterøy museum	Arkiv	Gang, magasin
		Garasjen	Hovedmagasin
		Tekstilmagasin	Løa
	TIM	Tekstilmagasin	Vaskeriet / Farveriet
		Dale	Ullaloftet
		Clausenmagasinet	1932 - tredje etasje
		Syloftet	Skuret - 1. & 2.
	Store magasin		
<b>9. SUNNHORDLAND</b>		Magasin for små	
		Magasin for store gj.	

## Vedlegg 3

# Store gjenstandar



**Bymuseet**  
Gravferdsvogner

Lengde: 4m  
Bredde: 1.8m  
Høyde: 2.05m



**KODE**  
"Helix" av Bård Breivik<sup>13</sup>

Høyde: 19m  
Bredde: 0.6m



**Hardanger og Voss museum**  
Vev

Lengde: 4m  
Bredde: 1.8m  
Høyde: 2.05m



**Kraftmuseet**  
Vassrør

Lengde: 4.5m  
Diameter: 0.9m

<sup>13</sup> <https://kodebergen-no/utstillinger/b%C3%A5rd-breivik-history>






**Museum Vest**  
Fiskegarn i kassar

Lengde: 1.8m Høyde: 1.7m  
Bredde: 1.7m Vekt: 7t



**Museum Vest**  
Salong frå hurtigruta "DS Finmarken"

Lengde: 5m  
Bredde: 5m  
Høyde: 2.3m



**Gjeld fleire av musea**

Båtar av ulike storleikar er ein gjenstandskategori som er felles for fleire av musea

Lengde: 4-6m  
Bredde: 1.8m  
Høyde: 1.2m



**Gjeld fleire av musea**

Båtar av ulike storleikar


Lengde: 6-8m  
Bredde: 2.7m  
Høyde: 1.2m

**Båtar av ulike storleikar er ein gjenstandskategori som er felles for fleire av musea.**

# Statistikk innflytta gjenstandar 2015-2021, Salhus


MUSEUM	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Baroniet Rosendal							
Bymuseet i Bergen	227	407	251	841	209	331	369
Hardanger og Voss museum	1	5					
KODE	405	372	16	16	154	357	203
Museum Vest	333	207	195	434	321	196	153
Museumssenteret i Hordaland	499	215	165	132	77		53
Kraftmuseet			1	1		26	
Sunnhordland Museum	2	141	52	2	1		
<b>SUM</b>	<b>1467</b>	<b>1347</b>	<b>680</b>	<b>1426</b>	<b>762</b>	<b>910</b>	<b>778</b>

Innflytta gjenstandar 2015-2021, etter museum



- Bymuseet i Bergen
- KODE
- Museumssenteret i Hordaland
- Sunnhordland Museum
- Hardanger og Voss museum
- Museum Vest
- Kraftmuseet

Innflytta gjenstandar 2015-2021, totalt





Vedlegg 5  
Døme på dårlege magasin







M U BEVARINGS-  
H O TENESTENE